



Styremøte

Tid og stad:

Onsdag 10. september 2014 kl. 19.00 hos Anne Bjørg.

Saksliste:

1. Kulturmidlar
2. Vedlikehald av klubbhuset
3. Førespurnad om kjøp av barnehagebygget

Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor
Nestleiar	Endre Vorren
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor
Kasserar	Svein Helge Bringsvor
Styremedlem	Knut Olav Skare

Referat:

Sak 1: Kulturmidlane frå kommunen vart fordelt på eit møte i juni. Same fordelingsnøkkel som før. Om lag 6000 kr til oss.

Sak 2: Vebjørn Strømsnes er spurt om å reparere dørene. Dette har framleis ikkje skjedd. Intern usemje i banenemnda om huset bør vaskast utvendig før det skal målast. Dugnad er ikkje tidfesta enno.

Sak 3: Vi har fått brev frå medlemmer i hornmusikken. Dei ynskjer at vi går i lag og kjøper barnehagebygget for å bruke det til oppbevaring av instrument og uniformer, og til møterom, trimrom og utleige. Dermed kan Kong Arthur-spelet halde fram med å låne/leige huset den tida dei har behov for det.

Styret synest dette er ein positiv ide, men at det ikkje er ynskjeleg å få fleire hus å vedlikehalde. I tillegg kommunale avgifter. Vi har nok med anlegget i



Oshaugane, og vil heller bygge ut der. Vi forfattar eit brev som svar på førespurnaden.

Vi har ein del pengar på konto som bør brukast til fordel for medlemmene. Sidan det er fleire som har ytra ønske om eit trimrom, er dette noko vi bør prøve å få til. Vi vil sjå nærmare på moglegheitene for eit tilbygg ved klubbhuset. Vi møttest i Oshaugane komande laurdag kl. 17.00. Finn då ut korleis vi kan tenke oss at huset kan sjå ut, og får fagfolk til å gje eit prisanslag på prosjektet.

I samanheng med dette bør vi også kome i gong med eit kunstgrasprosjekt. Knut Olav er villig til å ta tak i dette over nyttår, slik at vi har noko konkret å legge fram på neste årsmøte. Vi andre ser også kva vi kan få til før dette.

Møtet var slutt kl. 21.00.